

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
044/2014	Formannskapet i Radøy	PS	05.06.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	14/1317	14/4599

Tilskot til tømmerkai på Eidsnes

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune yter tilskot til utbygging av tømmerkai på Eidsnes med kr. 25.000,-. Midlane vert tatt frå næringsfondet.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Nordhordland skogeigarlag har søkt Radøy kommune om tilskot til utbygging av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune.

Eidsnes har peika seg ut til å vere den mest sentrale staden for utskipping av tømmer i Nordhordland.

Prosjektet legg opp til å utvida eksisterande kai med 75 meter, der denne skal byggast på stålpilearar med eit tverrspent dekke med limtrelameller. Prosjektet vert såleis den første industrikaia i Norge som skal byggast i tre. Prosjektet skal auka djupna ved kaifronten og oppgradera baklageret for tømmer.

Kaien skal dekke ni kommunar i regionen. Det er berekna at det vil bli transportert 80-85.000 kubikkmeter over tømmerkaia når den kjem i full drift.

Totalkostnad på prosjektet er berekna til kr. 19.018.000 eks. mva.

I brev av 20.03.13 vart det søkt om tilskot frå Radøy kommune på kr. 250.000. Totale kostnader på prosjektet og finansieringsplan er endra sidan den gong. I siste finansieringsplan er Radøy kommune sin del ikkje spesifisert:

Statstilskot (SLF)	15.214.000 kr
Hordaland Fylkeskommune	2.500.000 kr
Lindås kommune	600.000 kr
Kommunar i Nordhordland	og 704.000 kr
Nordhordland Skogeigarlag	
Sum	19.018 000

Statens landbruksforvaltning har vedteke å yte tilskot til prosjektet med til saman kr. 15.214.000.

Hordaland fylkeskommune har gitt tilsagn om kr. 1.000.000 og Osterfjord regionalt næringsfond har løyvd kr. 50.000.

Austrheim kommune har gitt tilsegn om 25.000,-, dei andre kommunane har enno ikkje handsama søknaden.

VURDERING

Tiltaket vil kunne bidra til ein meir konkurransedyktig og effektiv skogindustri i heile regionen, noko som også kan resultera i nye arbeidsplassar i Nordhordland. Eit slikt prosjekt kan gjere det lettare for nye aktørar å etablera seg i skognæringa. Kaien vil også danna grunnlag for at andre næringar kan nytta ledig utskipingskapasitet, sjølv om det primært skal vere ein tømmerkai.

Miljøeffektane vil vere betydelege, i form av både redusert vegtransport og reduserte klimagassutslepp.

Konklusjon

Rådmannen vurderer utbygging av tømmerkai som viktig infrastrukturtiltak for skognæringa i Radøy og i regionen, og som også har klare miljøgevinstar. Rådmannen går derfor inn for å løyve eit tilskot på kr. 25.000,- finansiert ved næringsfondet. Utfrå Radøy kommune sin økonomiske situasjon, er det ikkje grunnlag for eit større tilskot.

Formannskapet i Radøy - 044/2014

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

FS - vedtak:

Radøy kommune yter tilskot til utbygging av tømmerkai på Eidsnes med kr. 25.000,-. Midlane vert tatt frå næringsfondet.

Vedlegg:

SØKNAD OM UTBYGGING AV TØMMERKAI PÅ EIDSNES (L)(9518)